



--

Arkiv saknr:	2017/91
Løpenr.:	12443/2019
Arkivkode:	140

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Øyvind Myhren Tjøstheim

Kommunedelplan Edland - Haukeli - Ny handsaming --

Vedlegg:

- 1 Brev av 07.05.2019
- 2 Holldal Massetak
- 3 Rullering av kommunedelplan Edland/Haukeli - 1. gongs handsaming

Dokument i saka:

Kommunedelplan Edland – Haukeli – Ny handsaming.

Bakgrunn:

Kommunedelplan Edland – Haukeli blei lagt på høyring etter vedtak i plan- og miljøutvalet 20.03.2019, sak 19/42. I etterkant av vedtaket har kome brev, vedlegg 1 og 2, som reiser spørsmål om ein av utvalets medlemmar var ugild i saka om massetaket ved Holldalen jmf. fvl. §6.

I forvaltningslova står følgjande om habilitet:

§ 6. ¹ (habilitetskrav).²

En offentlig tjenestemann³ er ugild⁴ til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse⁵ i en forvaltningssak⁶

- a) når han selv er part⁷ i saken;
- b) når han er i slekt eller svogerskap med en part⁷ i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;⁸
- c) når han er eller har vært gift⁹ med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn¹⁰ til en part;⁷
- d) når han er verge¹¹ eller fullmektig¹² for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part⁷ etter at saken begynte;
- e) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for
 1. et samvirkeforetak,¹³ eller en forening, sparebank¹⁴ eller stiftelse¹⁵ som er part⁷ i saken, eller
 2. et selskap¹⁶ som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.

Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.¹⁷ Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.⁷

Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.¹⁸

Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete.

Rekkevidden av annet og fjerde ledd kan fastlegges nærmere ved forskrifter¹⁹ som gis av Kongen.²⁰

Dersom eit av medlemmane har vore inhabil, er dette å sjå på som sakshandsamingsfeil jf. Forvaltningsloven(fvl) § 41.

Da saka var oppe til handsaming blei følgjande vedteke:

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 20.03.2019:

Framlegg frå Ap v. Alf Seltveit:

Massetak i Holldalen blir innarbeidd i kommunedelplanen.

Framlegg frå Sp v. Tone Edland:

Med ein avstand på 150 meter langs Bygdevegen, Utgardsvegen og Storegutvegen skal det vere høve til spreidd bustadbygging med inntil ti bustadar til saman. Øvrige bestemningar i planen gjeld.

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Framlegget frå Seltveit fall med 4 mot 3 røyster

Framlegget frå Edland blei samrøystes vedteke.

Framlegg til kommunedelplan Edland/Haukeli 2019 – 2032 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av pbl § 11 – 14, med denne endringa:

Med ein avstand på 150 meter langs Bygdevegen, Utgardsvegen og Storegutvegen skal det vere høve til spreidd bustadbygging med inntil ti bustadar til saman. Øvrige bestemningar i planen gjeld.

Vurdering:

Fvl. § 6 seier at ein offentleg tenestemann er ugild når han eller ho sjølv er part i saka. Ein tolkar det som at ein er part om ein veit at ein i nær framtid vil ha interesserknytt til saka. Det skal leggast vekt på om saka kan innebere særleg fordel. I fvl § 8, 2. ledd står det at i «*kollegiale organ treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar*».

Med tenestemann seier fvl § 10, fyrste setning at habilitetsføresegnene gjeld for offentlege tenestemenn og «*... enhver annen som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan*».

I fvl § 41 slår ein fast at vedtaket likevel er gyldig dersom «*... feilen ikke kan ha virket bestemmende på vedtakets innhold*».

Advokatfirmaet Codex har reist spørsmål om utvalsleiars habilitet. I brev frå advokatfirmaet Codex står følgjande:

«Leder for planutvalget Tone Edland driver og bor på et gårdsbruk ca 7 km fra Holldalen massetak sammen med sin samboer. På denne eiendommen ligger det et massetak som drives av et lokalt entreprenørfirma. Inntekter fra steinen som blir utvunnet i massetaket går til gårdsbruket. Et nytt massetak på Holldalen vil representere en konkurrerende drift til massetaket på gårdsbruket. Denne side vil i den anledning anføre at det vil kunne være en økonomisk fordel for Edland og hennes samboer dersom Holldalen massetak ikke blir innarbeidet i kommunedelplanen.

Det vil derfor anføres at Tone Edland som planutvalgets leder var inhabil ved avstemningen om massetak i Holldalen i kommunedelplanen, da gårdsbruket som drives og eies av henne og hennes samboer vil ha en økonomisk fordel ved at Holldalen massetak ikke blir vedtatt i kommunedelplanen. I vedtaket fremkommer det at avstemningen knyttet til massetak falt med 4 mot 3 stemmer.»

I denne saka var avrøystinga 4 mot 3 stemmer, og vil ha difor ha vore avgjerande for utfallet av saka.. Av denne grunn ber rådmann plan- og miljøutvalet ta stilling til spørsmålet om habilitet med bakgrunn i dei opplysningane som har kome fram.

Saka vert lagt fram utan innstilling. Grunngevinga for dette er at ein først må ta stilling til om det var medlem som av ugild eller ikkje. Dersom ein person var ugild, må saka handsamast på nytt i utvalet, om ikkje kan vedtaket av 20.03.2019 stå.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.
--

Rådmannen,07.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/